



Møte i Sykkylven sokneråd

Tid: 06.12.22 kl. 19.00 – 22.00

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren

Desse møtte: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Monica Breivik Orre.
Varamedl.: Tor P. Mørkeseth, Astrid Breivik og Marit Akslen.

Sokneprest Simen N. Myklebust var også tilstades.

Forfall : Linn Tårnes, Bjørg Djupvik Grebstad, Therese Utgård Aas
Åpning : Simen. Vi sang 1.vers av «Mitt hjerte alltid vanker...»
Mat : May Lisbeth

Sak 31/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent

Sak 32/22 Godkjenning av referat frå møte i Sykkylven sokneråd 04.10.

Vedtak: Referatet vart godkjent.

Sak 33/22 Val av leiar, 1. & 2. nestleiar, sekretær

Separate skriftlege val.

Val av leiar: May Lisbeth – 6 røyster, Torbjørn – 1 røyst

Val av nestleiar: Torbjørn – 6 røyster og Bjørg 1 røyst. Val av vara for nestleiar: Bjørg fekk 7 røyster.

Val av skrivar: Torbjørn – 6 røyster, ei røyst blank.

Sak 34/22 Møteplan Sykkylven sokneråd vinter/vår 2023

Vedtak: Møteplanen vart godkjent med ei endring på Medhjelperfest, som blir flytta til den 30.mars. Dato for møte i mai blir 30.mai.

Sak 35/22 Kyrkja vår – Heilheitleg menighetsplan

Førebu og legge plan for å jobbe med den 2023

Det er ikkje pr. dato klart kva som ligg i dette verktøyet.

Staben skaffer seg erfaring før presentasjon i soknerådet.

Dersom verktøyet er klart til å jobbe med, tek vi opp att denne saka i januar. Soknerådet ynskjer då å ha arbeidsmøte saman med staben.

Simen sjekkar og står for framlegginga.

Sak 36/22 Offerliste og offersøknader

Liste vert lagt fram på møtet

Vedtak: Offerlista som vart lagt fram og vart godkjent med dei endringar som kom fram på møtet.



Sak 37/22 Gudstenesteplan Sykkylven – Ikornnes

Soknerådet vart orientert av Simen om planen for 1.halvår 2023.
Sykkylven har hatt Gudsteneste to ganger og Ikornnes ein gong i mnd.
Vedtak: Vi held fram med den praksisen vi har hatt dette året 1.halvår 2023.

Eventuelt

ORIENTERINGAR

-Frå Nominasjonskomiteen kyrkjeval lokalt : Gikk gjennom notat frå nominasjonskomiteen. Mange spurt. Innspel frå SR sendt til komitèen.

NB!

Lista med tiltak for å skaffe kandidatar må jobbast etter, for både komite, tilsatte og råd.

-Bispedømerådsval: Sjå vedlagt brev frå Åpen Folkekirke/Bønnelista

Sykkylven krk påmeldt «Saman som kyrkje i heile verda» 18.06.22